

Mellom barken og veden?

Arkiv og fagetikk

Gudmund Valderhaug

<http://depotdrenge.wordpress.com>

Case 1

Du er arkivleiar i kommunen. Helse og omsorgstenesta vil kjøpe eit fagsystem som skal lagre brukar-dokumentasjon i nettsky. Du meiner at leverandøren ikkje har informert godt nok om informasjonstryggleiken i systemet, og om data vil bli lagra på serverar i andre land og korleis lovgivinga i desse landa evt. kan påverke tilgang og bevaring av data. Du har snakka med rådmannen om dette, men ho seier at denne saka ligg utanfor ditt ansvarsområde.

Formannskapet skal ta stilling til innkjøp av systemet på neste møte, og du er omgangsvenn med eit av medlemene. Informerer du han om ditt syn på saka?

Arkivleiarars ansvar

- Lovverket: Arkivforskrifta § 2-1
 - Arkivarbeidet i eit offentleg organ skal som hovudregel utførast av ei eiga eining, ei arkivteneste, under dagleg leiing av ein arkivansvarleg. Arkivtenesta skal vere felles for organet. ...
- Fagetikken: ICAs fagetiske regelverk # 1
 - Arkivarar skal verne integriteten* til arkivmaterialet og slik sikre at det held fram å vere ei påliteleg kjelde til fortida

*Integritet

- I arkivsammenheng betyr integritet at arkiv og saker skal være komplette og uendra. Dette betyr at
 - Arkivdokument må journalførast og knytast til den saka dei gjeld
 - Evt. kassasjon av arkivdokument må dokumenterast
 - Postjournalen skal bevarast uendra, slik at vi kan få vite kva arkivet opphavleg inneheldt
 - Arkivdokument skal bevarast i sine opphavlege system
- Bot mot dette svekker autentisiteten* til arkivdokumenta

*Autentisitet

- Eit arkivdokument er autentisk når det kan bevisast at
 - det er det som det gir seg ut for å vere
 - har blitt skapt eller sendt av den personen (eller organisasjonen) som hadde sett seg føre å skape eller sende det
 - har blitt skapt eller sendt på den opplyste tidspunktet
- Og her er arkivintegriteten viktig:
 - Når eit arkivdokument er bevart i sin opphavlege kontekst* kan dette bevisast

*Kontekst

- Arkivdokument blir alltid skapt i ein bestemt kontekst
 - I offentlege organ blir dei til i ein saksbehandlingsprosess, som foregår på eit bestemt tidspunkt i ein bestemt organisasjon med bestemte samfunnsmessige mandat eller oppgåver som gir heimelen for saksbehandlinga
- Konteksten blir dokumentert i journal og arkivsystem
 - som metadata i elektroniske arkiv, eller stempel og oppbevaring i saksmapper i papirbaserte arkiv
 - arkivdokument som blir lausrive frå eller tatt ut av sin opphavlege samanheng mistar verdi og kan i visse tilfelle bli uforståeleg

Arkiv er eit særskilt fagområde

- Arkivarar i forvaltninga og arkivinstitusjonar må utøve sitt fag i samsvar med etablerte faglege prinsipp
 - som til ein viss grad er nedfelt i lov- og regelverk,
- men som først og fremst byggjer på arkivvitskapleg forskings- og utviklingsarbeid, utført av tilsette ved høgskolar og universitet og av arkivarar i arkivinstitusjonar
 - Døme: Datakvalitetsprosjektet ved HiOA, Noark, OpenARMS, nytt regelverk for bevaring/kassasjon

Case 2

Du er arkivleiar i kommunen. Ein dag kjem rådmannen og ber deg endre tittelen til ei sak om forureining ved eit avfallsdepot, der ureina vatn kan ha rent ut eit vassdrag. Han ber deg registrere saka som vedlikehald av deponiet, fordi det ikkje bør bli unødvendig publisitet om saka.

Kva gjer du?

Kven er dei kommunale arkiva til for?

- Arkiv blir skapt fordi kommunen har behov for å dokumentere noko (saksbehandling, vedtak, oppfølging osv.) og er i utgangspunktet eit administrativt verktøy for kommunen
- Men arkiva i norsk offentleg verksemd skal også vere grunnlag for demokratisk kontroll (= innsyn) og rettstryggleik (= partsinnsyn), og dei skal vere kjelder til påliteleg kunnskap om fortida (= bevarast for ettertida som historisk dokumentasjon)
- Kommunale arkiv blir altså skapt for både kommunen og samfunnet

Kommunane og arkiva

- Offentleg forvaltning – også kommunar – må difor leggje lov- og regelverk om arkiv, offentlegheit og partsinnsyn til grunn for arkivarbeidet, dvs
 - Føre postjournal
 - Sørge for at alle saker er «tilstrekkeleg opplyst» og dokumentert i arkiva
 - Varsle og informere sakspartar
 - Gjere arkiva tilgjengelege samstundes som uvedkommande ikkje får tilgang til opplysningar underlagt teieplikt
 - Bevare arkiva for ettertida

Forvaltningsarkivaren

- Det overordna ansvaret for at dette skjer ligg hos administrasjonssjefen,
- men forvaltningsarkivaren er ein hovudaktør i arbeidet for at organet oppfyller lovverkets krav, og i «førstelinetenesta» i forholdet til media og publikum
 - Det er ho som må sikre at alle arkivdokument er registrert, klassifisert og knytta til rett sak
 - Det er (som regel) ho som tar i mot forespørslar om innsyn i dokumenta (sjølv om vurderinga av partsinnsyn kan bli gjort av saksbehandlarar)

Forvaltningsarkivarens roller

- Forvaltningsarkivaren er arkivspesialisten i organet, men har også ei særskilt samfunnsrolle fordi ho har det operative ansvaret for arkiva skal vere eit godt grunnlag for demokratisk kontroll og rettstryggleik
- Ho må difor ha god kjennskap til faglege prinsipp og til regelverket som regulerer arkivdanning og bevaring, og om teieplikt og innsyn i arkiva
- Forvaltningsarkivaren er underlagt leiinga i organet, men har også eit særleg fagansvar for arkiva

Forvaltningsarkivarens fagansvar

- Omfattar daglege oppgåver som
 - arkivavgrensing, journalføring, oppretting av saker, sakstilknytning, klassifisering, skjerming av opplysningar underlagt teieplikt, godkjenning av registreringar gjort av saksbehandlar, offentleg journal, kvalitetskontroll av elektroniske arkiv, handtering av forespørslar...
- ... periodiske oppgåver som
 - periodisering, bevaring/kassasjon, konvertering/migrering av elektroniske arkiv, førebuing av avleveringar...
- som skal utførast på fagleg forsvarleg vis

Arkivaren veit alt!

- «Need to know»-prinsippet – dvs. tenestelege behov – gjer at ein arkivar gjennom sitt arbeid kan få tilgang til opplysningar som gjeld heile verksemda til eit organ, mens den enkelte leiar og saksbehandlar som regel berre har tilgang til sitt arbeidsområde
- Dette stiller store krav til fagleg, etisk og personleg integritet hos arkivarane

Case 3

Du arbeider i sentralarkivet i kommunen. Ein dag du mens du arbeider med å skanne post, legg du merke til eit brev til barnevernsavdelinga frå ein nabo. Denne naboen har i lang tid klaga på oppførselen til ungane dine.

Les du brevet?

Så kva er etikk og fagetikk?

- Etikk: ei grein i filosofien som undersøker kva som er rett og kva som er gale, og som set opp normer og prinsipp for rett handling
- Normativ etikk: normer og reglar for moralsk rett handling
- Fagetikk: normativ etikk som er grunngitt med faglege prinsipp og verdigrunnlag, og som gir normer for yrkesutøving
- Arkivetikk: International Council on Archives (Beijing 1996)

ICAs fagetiske regelverk i kortversjon

1. arkivarane si fremste oppgåve er å sikre arkivets integritet for ettertida
2. arkivarane skal bevare arkiva i samsvar med proveniensprinsippet og prinsippet om den opphavlege orden
3. autentisiteten til arkiva skal bevarast
4. arkiva skal gjerast tilgjengelege for ettertida
5. arkivarane skal dokumentere sine disposisjonar for å kunne forsvare dei på fagleg grunnlag

ICAs fagetiske regelverk (2)

6. arkivarane skal fremje størst mogleg tilgang til arkiva og likebehandle brukarar
7. arkivarane skal balansere personvern med retten til innsyn og arbeide innanfor gjeldande lovverk
8. arkivarane skal ikkje utnytte si stilling til fordel for seg sjølv eller andre
9. arkivarane skal halde seg fagleg oppdatert
10. arkivarane skal samarbeide med andre arkivarar og nærskyldte profesjonar

Det fagetiske regelverket

- Startar med dei viktigaste arkivfaglege prinsippa, som arkivarar er fagleg forplikta til å handheve,
- og går vidare med meir allmenne moralske reglar, men framleis relatert til arkiv
- Gir ikkje svar på konkrete etiske dilemma, men kan fungere som eit rammeverk for refleksjon
- Og «etablerer arkivprofesjonen som ein sjølvstendig og uavhengig profesjon» (Theo Thomassen, Uni. Amsterdam)

Fagetikk er viktig

- Fordi arkiva i viktige:
 - Grunnlag for innsyn og demokratisk kontroll
 - Grunnlag for partsinnsyn
 - Kjelder til kunnskap om fortida
- og i dagens samfunn viktigare enn nokonsinne
- Kommunale arkivarar kan ikkje gøyme seg bak ordførarar eller rådmenn,
- men står ansvarlege overfor sitt eige fag (og kan ikkje utføre påbod frå arbeidsgivarar som bryt med faglege prinsipp)

Og det var det...

- Dette har vore eit utdrag frå ein firetimars «verkstad» om fagetikk, som eg har halde for arkivarar og arkivleiarar her og der...
- og som heng saman med eit liknande opplegg om innsyn og partsinnsyn i offentlege arkiv
- Spørsmål?